



Fjelly er mål for mange klasseturar. Biletet viser ein Uskedalsklasse på tur skuleåret 2002/03

**Vi har tidlegare skrivne om det store sikkerhetslotteriet som skal avviklast til inntekt for opprusting av ungdomslagshytta FJELLY. Loddsalget startar i dag, og styret for hytta kan presentere ei imponerende og verdfull gevinstliste.**

Randi M. Nybakk i hyttestyret presiserer og at det **etter årsmøtet ikkje er noko form for begrensning for kven som kan leige hytta. Ein treng ikkje lenger ha noko form for Uskedaltilknytning for å leige hytta. Det er eit tilbod til alle.**

- Vi er glad for alle som nyttar seg av tilbodet, og får nokre gode opplevingar oppe ved idylliske Mannsvatnet, vert det sagt. Og leiga er som sagt svært rimeleg.

Tilbake til lotteriet. Loddsalget startar i dag, og mange vil få besøk i dag eller i løpet av helga. Likevel trur ikkje styret dei klarer å dekke heile bygda. Det vert også salg på SPAR-butikken både torsdag og laurdag. På sjølve sikkerhetsdagen i Aktivitetsdagen laurdag 9.mai vert det også selt lodd. Der er det som kjent gratis tilgjenge. Lotteriet vert trekt ved avslutninga av arrangementet.

Gevinstlista inneheld 16 gevinstar til ein verdi av rundt 15.000 kr. Flotte gevinstar gjevne av gode sponsorar!

- |                      |   |                        |                             |
|----------------------|---|------------------------|-----------------------------|
| <b>1. Gev.:</b>      | Komfyrvakt (for installasjon)                             | Verdi kr. 4000,-       | <b>Kvinnherad Elektro</b>   |
| <b>2. Gev.:</b>      | 1 Pulverapparat, 1 brannteppe, 2 seriekobla røykvarslarar | Verdi kr. 1200,-       | <b>Byggeriet Uskedalen</b>  |
| <b>3.-7. Gev.:</b>   | Oppblåsbar redningsvest 150N                              | Verdi kr. 950,- pr.stk | <b>KI-elements</b>          |
| <b>8.-9. Gev.:</b>   | Skum-brannslukningsapparat                                | Verdi kr. 900,- pr.stk | <b>NordVest Elektronikk</b> |
| <b>10. Gev.:</b>     | 2 Seriekobla Røykvarslarar                                | Verdi kr. 550,-        | <b>Auto 88 AS</b>           |
| <b>11.-12. Gev.:</b> | 2kg pulverapparat   | Verdi kr. 500,-pr stk  | <b>Auto 88 AS</b>           |
| <b>13.-14. Gev.:</b> | Førstehjelpstaske (tur/friluftsliv)                       | Verdi kr. 250,- pr stk | <b>Gro's Blomster</b>       |
| <b>15.-16. Gev.:</b> | Førstehjelpstaske (tur/friluftsliv)                       | Verdi kr. 250,- pr stk | <b>Zjakk Frisør</b>         |

Her er mange nyttige og gode gevinstar, og ved å kjøpa lodd støttar ein opp om den tradisjonsrike ungdomslagshytta.

Tekst og nett: Thor Inge Døslund.

Foto: Svein A. Sunde